
Saksnr: 2021/49663-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesdirektør orienterer om varslings sak ved ein vidaregåande skule

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at fylkesdirektøren skal orientere kontrollutvalet om varslings sak ved ein vidaregåande skule i Sogn og Fjordane.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapport Avonova_Måløy
- 2 Rapport varslingsutvalet_Måløy
- 3 Spørsmål frå Tomren (MDG) - Varslingsrutinar på vidaregåande skular
- 4 Spørsmål frå Kollbotn (R) - om varslingsinstituttet i fylket
- 5 Oppdrag evaluering varslings Måløy vgs_revidert

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På bakgrunn av artiklar i nettavisa til NRK 22.09. og 23.09.2021 om varslings sak på ein vidaregåande skule i Sogn og Fjordane sende sekretariatet eit notat til fylkesdirektør med slikt innhald:

«Vi viser til artiklar i nettavisa til NRK 22.09. og 23.09.2021 om varslings sak på ein vidaregåande skule i Sogn og Fjordane.

https://www.nrk.no/vestland/havar-varsla-om-at-rektor-mobba_-men-fylkeskommunen-trudde-ikkje-pa-han-1.15638420

<https://www.nrk.no/vestland/ma-inn-pa-teppet-i-varslings-sak-1.15663359>

På bakgrunn av dette ber leiar i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, Dan Femoen, om at fylkeskommunedirektøren kjem i møte i utvalet 26.10.2021 for å orientere om saka. Denne orienteringa kan t.d. innehalde:

- Korleis er saka ved den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane vorte handtert, med hovudfokus på tida fram til saka vart handtert i varslingsutvalet
- Kva tiltak er/vil verta sett i verk i saka for å rette opp eventuelle feil som er gjort
- Kva generelle rutinar er etablert for handtering av varslings saker ved vidaregåande skular
- Kva har fylkeskommunen lært av denne saka

Vi er kjend med, gjennom ein artikkel i Fjordanes Tidende 03.09.2021, at det ligg føre ein redigert (sladda?) versjon av rapporten frå varslingsutvalet. For kontrollutvalet vil det vera føremålstenleg at dei vert gjort kjend med denne før møtet. Vi ber difor om at redigert versjon av rapporten vert send hit **innan 12.10.2021** slik at den kan leggjast inn som vedlegg til saka i kontrollutvalet. Har og forstått at det ligg føre ein offentleg rapport relatert til denne saka, som er ønskeleg å motta innan same frist.

Dersom utvalet skulle ønskje å få vite meir detaljar om saka under den munnlege orienteringa i møtet, må det vurderast om deler av møtet må lukkast med heimel i kommunelova § 11-5.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Vi har motteke dei 2 rapportane som er omtala over, jf. vedlegg 1 og 2. Vidare har vi registrert at desse to spørsmåla vart stilt om varslingsrutinar til møte i fylkestinget 29.09.2021:

- SI 24/21 Spørsmål frå Tomren (MDG) - Varslingsrutinar på vidaregåande skular
- SI 26/21 Spørsmål frå Kollbotn (R) - om varslingsinstituttet i fylket

Til orientering ligg spørsmåla med svar ved som vedlegg 3 - 4.

Vidare er vi gjort kjend med at fylkesdirektøren har bede advokatfirma Kluge om å gjera ei evaluering av varslings saka der målet er å finne lærings- og forbetningspunkt. Oppdragsnotat ligg ved som vedlegg 5.

Det er i tillegg avtalt at fylkesdirektør skal komme i dette møtet for å orientere munnleg om saka. Dersom det i den munnlege orienteringa kjem fram informasjon som er unnateke offentlegheit må det vurderast om deler av møtet må lukkast med heimel i kommunelova § 11-5.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem i den munnlege orienteringa må kontrollutvalet diskutere seg fram til om ein vil gjera nok meir i saka og i tilfelle kva. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.